



Karin Strømmen
Skurtveitvegen 8
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1910 - 17/15569

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
07.08.2017

Godkjenning av søknad om fritak for gjødselplan GBNR 47/10

Administrativt vedtak. Saknr: 218/2017

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 01.08.2017.

Karin Strømmen har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gnr. 47, bnr. 10. Drifta er 21 vinterfora sauer. Det er 2 daa fulldyrka, 7 daa overflatedyrka og 7 daa innmarksbeite på bruket, i tillegg noko utmark. Driftsforma er utegangardrift og det vert ikkje samla opp gjødsel eller nytta handelsgjødsel.

Vurdering:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling for nitrogen, fosfor- og kaliumgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (3 minus frådrag for beitetid) og har stort nok areal i høve til dyretalet. Kommunen har difor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødsel plan i 5 år.

Vedtak

Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 01.09.2022 for gnr. 47, bnr. 10, då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Karin Strømmen

Skurtveitvegen 8 5917

ROSSLAND